
1982
ÅRSMELDING
FOR
BYGDELAGET
SUNNHORDLENDINGEN

2





ÅRET SOM GJEKK

På startstreken var det stor entusiasme hos oss som var valde inn i styret. Me trudde me hadde tenkt grundig gjennom den vanskelege situasjonen Shld. tydelegvis var oppe i, og meinte me hadde funne ein del brukbar medisin. Fyrst av alt ville me stimulera medlemmane til større eigeninnsats ved å trekkja alle meir aktivt inn i arbeidet med programlaging til lagsmøta. Dinest hadde me lyst til å gjera Shld. til noko meir enn ein rein sosial møtestad for oss medlemmane. Det skulle bli temamøte; program om innvandrarane sin situasjon, om krisetelefon m.m.

Nett slik skulle det ikkje gå. Ein del reine programsvikt fekk me utover året, og oppsette program laut i all hast skiftast ut med andre. Likevel har lista over tilskipingar vorte lang, heile 17 i talet, - men kvar vart det av folket?

Den generelle tendensen i tida med at bygdelagsarbeidet går trått, har også ramma vårt lag. Det er ei stund sidan "den grøne bylgja" var på topp, og dette avspeglar seg nokså tydeleg i medlemstalet for laga, vårt er ikkje noko unnatak. Konkurransen frå media og andre miljø er sterk, spesielt på større stader der tilboda er mange. Lagsarbeidet, som har ei vidtfamnande målsetjing i motsetnad til reine interessegrupper, må ofte gje tapt i denne tevlinga. - Kanskje har ein også i for stor grad tvihalde på ein stil som er - eller kan virka - "sidrumpa" på dei som ikkje er innanfor?

I alle fall kan me slå fast at medlemstalet dei siste åra har gått nedover, og tilsiget av nye medlemmar er lite. Til sist endar me opp i ein vond sirkel: få medlemmar og frammøtte gjev oss lite pengar i kassen, og me har ikkje råd til særleg mange program som kostar noko - og som kanskje ville fått fleire til å koma. Også leikarringen, som har skaffa oss ein del nye medlemmer, er no nedlagt p.g.a. manglande interesse.

Er så situasjonen heilsvart? Nei, så absolutt ikkje. Eit godt eksempel på dette er haustfesten. Det viser seg at når ein satsar friskt og legg ned mykje arbeid, er det enno råd å få folket til å koma. Og enno er det koseleg å koma på lagsmøte og treffa kjensfolk --. Hytta samlar nye og gamle medlemmar som før til mang ei gild helg. Ein del av desse som vankar der, vert rett nok aldri anna enn st(h)yttemedlemmar, men slik har det kanhenda alltid vore?

forts.

Så står me på nytt ved eit årsmøte. Nye folk skal ta over leiinga, og det me vel aller mest treng, er entusiastiske sjeler som kan spreia litt positive bylgjer kring seg. Kanhenda lyt me gå inn på ein litt annan måte å gjera lagsmøta på, og me oppmoder til diskusjon og tankeverksemd. Svært mykje av framtida er avhengig av den einskilde medlemmen, og det er no faktisk snakk om Shld. skal overleva eller ikkje.

Bygdelaget Sunnhordlendingen har vore tilslutta desse samskipnadene:

Noregs Ungdomslag gjennom Hordaland Ungdomslag, Bygdelagsnemndi i Bergen, FN-sambandet, Vestlandske Teaterlag, Teatersentralen, Folkedansgilda i Bergen, Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag og Hordaland Folkeakademi.

Medlemstalet til laget er no 62.

TAKK FOR SAMARBEIDET I ÅRET SOM GJEKK, TIL ALLE SOM VAR MED!

Anne Brit Hestenes (formann)
Eldbjørg Stubhaug (kasserar)
Svein Erik Tøien (skrivar)
Inga Tveito (styremedlem)
Anne Løberg (styremedlem)

Styret

L/L

Sunnhordland Kraftlag

ÅRSMELDING FRA SÆRLAGA OG ANDRE TILTAK 1982

Sunnabu

Eit nytt Sunnabu-år er omme. Hytta står på samme stad som før. Det ser ikkje ut som at alle veit det. Bruken av hytta er som dei siste åra. Eit par store helger med mykje folk, og mange rolege dagar med lite folk. Det har vore god plass både i vinterferie og påskeferie. I vinterferien ville det vera gildt om fleire gamle medlemer med born kom oppover, og i siste del av påskeferien ønskjer vi sjå meir til alle gamle og nye medlemer som slepp fri frå søte små barneskrik.

Det har vore mange ledige veker både i og utanom sesongen.

Hyttestyret har som vanleg skipa til Sunnaburennet som forresten går raskare og raskare for kvart år. Nytt av året var komlefesten, men berre ei handfull personar "komla" seg oppover.

I dugnadshelga i juni laga vi eit vakkert brunnhus i staden for det forargelege brunnlokket som alltid fraus fast og knakk sundt. Vi rydda bort nokre bjørker utan å ta for hardt i, og pussa, flikka, vaska og fiksa på hytta slik at alle kan trivast der. Pipa vart feia - for første gong? slik såg det ut.

Einaste investeringa er ein vekeautomat for straumen, slik at det er ein lunk i hytta om du kjem opp fredagskvelden. Så kvi deg ikkje for å ta turen opp i komande år også.

I hyttestyret har desse vore med:

Margot Våge, Knut Eggum, Arvid Holm, Atle Tornes og Lars Olav Tveita.

L.O.T.

Skyttarlaget

Skyttarlaget har i år som dei siste åra berre hatt skyting om Sunnabu-krusa. Frammøtet var godt - 6 kvinner og 8 herrer.

Anne Sofie fekk sin andre seier i pokalen, så den held i alle fall 1 år til.

Oddvar fekk sin 3. seier på like mange år, så han fer med pokalen til odel og eige.

O. Bjørgen har vore på møte der Bygdelagsnemnda hadde kalla inn ein person frå alle bygdelaga i Bergen. Meininga var å få liv att i bygdelagsskytinga. Det er god von om at den kan arrangerast frå neste år, då med eit lettare program, og færre deltakarar på kvart lag. Kvart bygdelag kan stilla med fleire lag.

O. Bjørgen

SUNNAVIND

Margot Våge tok avskjed fra bladsalatredaksjonen i år; det føltes som et leit tap for virksomheten.
Elisabeth Fjæra trådte inn i stedet, som dreven lokalblad-styrer (Bergens-aksjonisten).
Året har vært vekslende, og noen nummer har redaktøren vært eneansvarligfor; andre har E.F. stått for, mens lagets formann og andre har trådt inn med nødhjelp i enkelttilfelle.
Bladet har kommet ut ca. ved hvert andre lagsmøte; 9nr. i alt.
Og vi savner stadig den rike mengden leserbrev fra nedlemmene....

Ansvarlige for årets noe visne salat:
Margot Våge (første del av året)
Elisabeth Fjæra
Hans Heie
Svein Erik Tøien (ansvarlig)



S.E.T.

Rådet

Hjalmar Tvedt, Per Ivarsøy, Sebjørn Frøkedal, Kjell Matre og Ole Sæbø.

Ettersynsnemnda

Sebjørn Frøkedal og Harald Aarbakke.

Utsendingar til Bygdelagsnemndi

Anne Brit Hestenes, Kjell Matre og Lars Olav Tveita (varamann).

Utsending til Sosialgruppa i Bygdelagsnemndi

Anne Løberg

Rådsmedlem i Folkedansgilda i Bergen

Ottar Hunnes



REKNESKAP FOR BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN 1982



Resultatkonto pr. 31.12.82

1.	Mat og drikke	kr	2 046,30		
2.	Musikk og underhaldning	kr	3 950,00		
3.	Husleige	kr	2 455,00		
4.	Lagsutgifter	kr	4 394,05		
5.	Medlemspengar overført NU	kr	2 830,00		
6.	Sunnavind	kr	1 046,25		
7.	Lysingar	kr	1 024,15		
8.	Årsmøteavgift HU	kr	180,00		
9.	NU-medlemsavgift	kr	144,00		
10.	FN medlemskap	kr	30,00		
11.	Gevinstar	kr	968,40		
12.	Gåver	kr	186,50		
13.	Konting. Sunnh. Folk.mus. & Sog.	kr	20,00		
14.	Sal av festskrift	kr	225,00		
15.	Avgifter hytta	kr	388,80		
16.	Inngongspengar			kr	2 430,00
17.	Medlemskontingent			kr	4 700,00
18.	Abonnement Sunnavind			kr	140,00
19.	Overskot marknad			kr	5 917,20
20.	Annonsar årsmelding 1981			kr	800,00
21.	Jubileumsskriftet			kr	1 475,00
22.	Overskot haustfest			kr	2 067,00
23.	Overskot polskurs			kr	1 560,00
24.	Loddsal julemøte			kr	194,00
25.	Driftstilskot Bergen kommune			kr	1 000,00
26.	Tilskot til lokalleige Bg. k.			kr	500,00
27.	Tilskot frå rikskonsertane			kr	240,00
28.	Statsstøtte			kr	464,00
29.	Til gode Kvam kraftverk			kr	21,00
30.	Brussal			kr	58,25
31.	Renter			kr	599,72
32.	Overskot	kr	2 277,72		
		kr	22 166,17	kr	22 166,17


Eiga pr. 31.12.82

Kontantar	kr	887,14
Bankinnskot	kr	14 162,42
Postgiro	kr	101,25
Lagsfond	kr	158,63
Fane	kr	1 500,00
Målarstykke	kr	500,00
Varmeomn	kr	100,00
Skrivemaskin	kr	200,00
	kr	17 609,44

Bergen, 31.12.82/18.01.83
Eldbjørg Stubhaug
kassastyrar

Ettersynsnemnd:
Sebjørn Frøkedal
Harald Aarbakke

REKNESKAP FOR SUNNABU



Resultatkonto pr. 31.12.82

Brensel & straum	kr 2 324,40	
Vedlikehald	kr 1 464,73	
Forsikringar	kr 601,00	
Pokalar	kr 100,00	
Vekeautomat	kr 318,00	
Overnattingar		kr 5 362,50
Sal av tomflasker		kr 504,00
Straumautomat		kr 934,00
Renter		kr 164,91
Overskot	kr 2 157,28	
	kr 6 965,41	kr 6 965,41

Balanse pr. 31.12.82

Hytta	kr 38 000,00	
Kassa pr. 31.12.81	kr 1 251,82	
Bank pr. 31.12.82	kr 4 625,61	
Eigenkapital		kr 38 000,00
Kassa pr. 01.01.82	kr 100,00	
Bank pr. 01.01.82		kr 3 820,15
Overskot drift		kr 2 157,28
	kr 43 977,43	kr 43 977,43

Knut Eggum
kassastyrar



Fitjar Spare bank

5419 Fitjar



DIPLOM-IS FOR FRISKE TYPER

DIPLOM-IS

MØTE - DANS - FEST



14.01.82 - Nyttårsmåte med gode fortsetter i Fensal

- Parodi på styremøte v/styret, som innledning til diskusjon.

- Punkt som kom fram:
  - PR-funksjonen viktig
  - God annonsering i aviser, og ved plakater. Muligens bare avisannonser for enkelte møter.
  - Laget bør finne ut litt mer om måla for lagsdriften. Det virker som om de fleste foretrekker å møte opp til ferdiglaget program framfor å delta aktivt sjøl.
  - Etterpå var det dans.
  - 15 (femten) tapre sjeler bekledde stolene.

Svein Erik T.

04.02.82 - Vanlig lagsmøte i Fensal

- Vitjing av Gudmund Rydning, iført gitar og sangstemme og eigne viser.

- I løpet av kvelden seig 26 stk.?? -lendinger innpå.
- Bra stemning til møtets slutt, med dans og drøs.

Svein Erik T.

18.03.82 - Marknadlille i Fensal
Vesle salen.

- Utlodning av alt fra gensere til kaker; stor oppslutning.
- Kr 4 605,- i gevinst for laget.
- Steffen Eide spilte trekkspell.
- Kari Aarbakke stekte hjemmebra vafler.
- Diverse leiker og spill ble prøvd. Mest populær var slå-spiker-i-en-planke-med-færrest-mulig-slag. Vinner: Magne, med 2!
- 30 frammøtte.

S.E.T.

22.04.82 - Humleguttene underholder på lagsmøte i Fensal, flyttet til Gimle

- Humleguttene var utkledt, og fortalte vitser og historier.
- Det var tilogmed forsøk på allsang.
- Helland/Bolstad spilte, og fugledansen ble introdusert i Sunnhordlendingen.
- 18 frammøtte.

S.E.T.

09.10.82 - Sunnabu-skytinga

- Skyting om Sunnabu-krusa:
- Anne-Sofie vant sin annen pokal-seier.
- Oddvar vant for 3. gang på 3 år og for med pokalen til odel og eie.
- 6 kvinner, 8 menn skjøt.
- 20 deltakere på festen.
- Fest hos Oddvar om kvelden, i det nye lysthuset (!)

S.E.T.

21.10.82 - Eventyr-kveld i Fensal

- Eldbjørg og Inga arrangerte.
- Puter på golvet.
- Folk reagerte på flere måter.
  (Møtet avstedkom innlegg i Sunnavind!)
- 14 frammøtte.

S.E.T.

14.11.82 - Haustfest i Gimle

- Lars Olav tok initiativet da man tenkte sløyfe hele haust-festen.
- Hovedkomité sammen med Åse Liv Tveita og Willy Mjånes.
- Bømloteateret viste "Vegen har ingen ende". Stormende jubel!
- Rømmegraut og spekemat blei fortært, påfulgt av kaker og kaffi utpå natta (!)
- Først i 2-½3-tida rundet man av.
- Fin stemning helt til slutt.
- 170 deltakere! (Det ble satt tak, flere ville delta.)

S.E.T.

18. og 24.11., 02. og 18.12.82 - Polskurs i Fensal

- Ivar Skjelvan instruerte.
- Helland spilte fele.
- Mat & kaffi på siste møte.
- 1 deltaker ble observert på lagsmøte seinere.
- 15 deltakere.

S.E.T.

09.12.82 - Julegrautmøte i Fensal

- Sanggruppen Concordia fra Bergen Lærerhøgskole underholdt med adventprogram.
- Julegrauten ble grundig kokt (av Kari Aarbakke og Bente Mikalsen) og fortært.
- Dans var det også.
- Utlodning v/Hans Heie, dekket utgift til spellemann.
- 35 frammøtte.

S.E.T.

13.05.82 - Korgfest i Nygårdsparken

Avlyst til fordel for Vårfest på Sunnfjordhytta

- Store førebuinger ble gjort.
- Spleiselaget var en suksess: Bugnende bord med allslags spennende salater.
- Skikkelig trekkspillmusikk ved ...
- Dansen og praten stilnet langt etter midnatt.
- 16 sjeler fant vegen ut; flere pr. sykkel.

S.E.T.

05.-06.06.82 - Blåtur til Rosendal/Omvikedalen

- Omvisning i Baroniet.
- Biltur opp Omvikedalen til Kraftlagets hytte.
- Dans på Fjordhotellet om kvelden, og picnic i fjæra etterpå.
- Fotturer i ymse retninger, og skitur, for noen, på Folgefonna ...
- Iskaldt bad i vannet ved hytta.
- Alle ble veldig solbrente!
- 12 sjeler deltok i utflukten.

S.E.T.

28.08.82 - Fotballturnering ved Bergenshallen

- Grisever.
- Sølvmedalje vunnet (Sunnfjordlaget vant).
- 15 deltakere.

S.E.T.

02.09.82 - Lagsmøte i Fensal

"Presentasjonsmøte":
- Program: Atle skyter en hvit pil etter - akkurat - programmet.
- Dans.
- Kaffi og rundstykker.
- 24 frammøtte.

S.E.T.

23.09.82 - Swing & tango -kveld i Fensal


- Torstein Lønning instruerte.
- Lysbilde fra Blåturen.
- Det var naturligvis mer dans!
- 20 frammøtte (herav 15 gutter!).

S.E.T.

TIL NOTATER




TIL NOTATER



sentralt i by og bygd


VÅRE KONTOR:

1. FLORØ
2. FØRDE
3. VADHEIM
4. HØYANGER
5. FJÆRLAND
6. SOGNDAL
7. ÅRDAL
8. OSTERØY
9. KNARVIK
10. ARNA
11. ASKØY
12. BERGEN (HK)
13. ULLENSVANG PRIVATBANK
14. OS
15. OSLO
16. SUNNHORDLAND



BYFILIALAR: Bergen Busstasjon - Bryggen - Eikeviken - Inndalsveien Landås - Nyborg i Åsane - Paradis - Skjoldtun - Smiberget - Strandgaten

VESTLANDSBANKEN


1983
ÅRSMELDING
BYGDELAGET
SUNNHORDLENDINGEN

ÅRET SOM GJEKK.

1983 er soge. For Sunnhordlendingen eit av dei svarte åra då lite positivt hende. Ved inngangen til 1984 har vi herre ei trøyst: no må botnen vera nådd, heretter kan det herre gå oppover.
Vårhalvåret gjekk på ein måte, vi halta oss då gjennom ein del tilskipningar i tradisjonell stil, men entusiasmangla, nye andlet utehlei, og på dansegolvet vart det tynnare og tynnare. Idear til nye former i lagsarbeidet vart lufta, men vart ikkje til praktiske resultat. Kvifor ikkje? Vanskeleg å seia, men noko av forklaringa ligg nok i at den aktive del av medlemsstokken har vorte sørgjeleg glissen. Altså vart det "Tordenskjolds soldatar" i kva vi foretok oss. Dette slit sjølvsagt på både humør og innsatsvilje, og resultatet kjennen vi. Det er vel og klårt at i og med at vi har fått ein slags "forgubbingsprosess" i såvel styre som i den aktive del av medlemsstokken, så har vi litt vanskeleg for å finna ut kva som kan lokka ungdom i 80-åra til laget slik vi nådde unge i 70-åra.
Hausthalvåret vart halvåret då vi praktisk tala let laget gå i dvale. Med unntak av eit par tilskipingar vart ingen ting drive denne hausten, etter nåd frå omframtårsmøtet som vart halde i september.
Medlemstalet har også i år gått noko attende. Den talmessige tilbakegangen er likevel ikkje så stor at det skramer. Det som deri mot valdar vanskar er at den skrivne medlemsmassen og den delen som er aktiv ikkje rimar. Av 50-60 medlemer har maksimalt 20 synt seg i laget i året som gjekk, og av desse utgjer 10-12 den faste stamma som møter fram om ikkje anna så av pliktkjensle for laget. Storparten av medlemane er såleis for passive støttemedlemmer å rekna. mange av dei flytta frå byen for lenge sidan.
Kva gjeld økonomien er det ikkje så mykje å seia. Med låg aktivitet i laget hsr vi og hatt få utlegg, og følgjeleg er ikkje dei økonomiske tilhøva dei som plagar oss.
Om framtida skal vi ikkje spå her, herre vona.....

SUNNHORDLENDINGEN HAR I 1983 VORE TILSLUTTA DESSE SAMSKIPNADENE:

Noregs Ungdomslag gjennom Hordaland Ungdomslag, Bygdelagsnemndi i Bergen, FN-samkandet, Vestlandske Teaterlag, Teatersentralen, Folkedansgilda i Bergen, Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag og Hordaland Folkeakademi.
Det er her verd å merkja seg at medlemsskapen i NU dette året har

på sett å vis vore av formell art, i og med at årsmøtet i fjor med stort fleirtal gjekk inn for å melda Sunnhordlendingen ut or NU. Avdi eit slikt utmeldingsvedtak må fattast av to påeinannanfølgjande årsmøte for å vera gyldig, vil den endelege avgjerda om laget sitt tilhøve til NU verta fatta på dette årsmøte.

STYRET 1983:

Willy Mjånes (form.), Jorunn Reyrvik (nestform.), Atle Tornes (kasserar), Anne Brit Hestenes (skrivar), og Åse-Liv Tveita Hanssen (styremed).

SUNNABU

Hytta har vore noko ujamt brukt siste året. I vinterferien og i påskehelga var det fullt hus og fin stemning. I februar var det karneval. Dette er ein tradisjon som vi må ta vare på. Det ser ut for at folk vil vera med på slike arrangement berre det vert organisert, planlagt og kunngjort godt.
Sunnaburennet 1983 vil ikkje gå over i soga som noko stort renn. Berre 8-9 personar våga seg til fjells den helga sunnabumeistrane skulle kårast.
Utover sommaren og hausten stod hytta mykje tom. Eit par helgar var nokre av hyttestyremedlemene med kjente oppom. Men den store invasjonen av lagsfolk kom ikkje.
Hyttestyret er likevel optimistisk i ei tid då lagsarbeidet ligg på eit lavt nivå. Hytta ber seg økonomisk, og ligg klar og ventar på betre tider.
Det har ikkje vore gjort større ombyggingar eller nyinvesteringar på hytta dette året. I ei dugnadshelg i juni gjorde vi unna den vanlege storreingjeringa og oppryddinga.
I hyttestyret har desse vore med: Anne Britt Hestenes, Eldrid Meling Hansen, Helge Eldevik, Atle Tornes og Lars Olav Tveita. Sistnemnde som hyttesjef.

L.O.T.

SKYTTARLAGET

Skyttarlaget har også i år arrangert skyting om Sunnabukruset. Skytinga vart avvikla på Stend 8.oktober.
Det blei ikkje sett opp nytt krus i herreklassen då det skal utarbeidast eit nytt system for poengrekning. Kruset i dameklassen skifte eigar.
Seks damer og seks menn slutta opp om skytinga.
Brit Bjørgen vann da meklassen med 119 poeng, og herreklassen blei vunnen av Oddvar Drange med 173 poeng.

Olav Bjørgen.

SUNNAVIND

Lagsavisa vår har då vore i vinden i år og. Noko ut over bris styrke har ho neppe vore oppe i, men kvieskra medlemene det mest nødvendige meldingsstoffet i øyro, det har ho vel. Med litt velvilj kan vi seia ho har kome ut åtte gonger i eit opplag på 70-75. Meir presist er det vel å seia 7 1/2 gong. Vi auker ikkje mest, og er heller ikkje størst i vest, men vi overlevde Morgenavisen.

Styret.

TEATERKONTAKT

Elles var 1983 året då vi freista gjenoppretta teaterkontakten vår, for av og til å gå ut saman. Inga (Tveito) har på framifrå vis formidla denne kontakten, og når det til no berre har blitt med eitt slikt teaterbesøk, så er i alle fall ikkje feilen hennar. Dette eine teaterbesøket galdt stykket "Leken i skogen". Pålag 10 medlemer nytta seg av tilbodet, og nokre av oss hadde og ei hyggeleg stund heime hjå Inga etterpå. Freistnaden på å få folk med på "Fellen" i november, lukkast derimot ikkje, - ingen gjekk i "fellen" for å seia det slik.

RÅDET:

Hjalmar Tvedt, Per Ivarsøy, Sekjørn Frøkedal, Kjell Matre og Atle Tornes.

ETTERSYNSNEMND:

Sekjørn Frøkedal og Harald Aarbakke.

UTSENDINGAR TIL BYGDELAGSNEMNDI:


Formannen, Margot Våge.
Varam.: Lars Olav Tveita.

UTSENDING TIL FOLKEDANSGILDA I BERGEN:

Ottar Hunnes.

GUBDELAGET:
Hjalmar Tvedt, Kjell Matre og Lars Olav Tveita.
varam.: Sigmund Myklevoll.

ÅRSMELDING for Bygdelaget SUNNHORDLENDINGEN 1984



Årsmelding for 1984.

Hausten 1983 gjekk Bygdelaget Sunnhordlendingen i dvale. Og i 1984 har vi halde temperaturen lavt, energiforbruket på eit minimum og tært på økonomisk opplagsnæring. I ein slik dvale-tilstand kan kanskje laget få eit langt liv, men vi vonar på at ei varm vårsol ein gong skal vekkja oss or dvalen.....

Medan vi ventar, har vi eit styre som overvakar passiviteten i samsvar med årsmøtevedtaket 1984:

Willy Mjånes, formann
Sigmund Myklevoll, nestformann
Atle Tornes, kassastyrar
Lars Olav Tveita, skrivar
Kirsti Havikbotn, styremedlem.

Eit par lyspunkt har vi sjølvsagt i 1984 også:

Medlemstalet held seg oppe og er framleis heile 43. Og enno er det ein del "sikre" som ikkje har betalt, så før årsmøtet har vi kanskje enndå fleire.

Vi vann fotballturneringa for andre gong på rad, og bygdelagsskytinga var ein fulltreffar.

Skyttarlaget og Hyttegjengen har halde aktivitetane sine i gang. Meir om det i årsmeldingane frå særlaga.

Tilskipingar i 1984.

23.februar 1984. Årsmøte i Fensal. 16 var til stades.

Forutan vanlege årsmøtesaker, var også utmeldinga or Noregs Ungdomslag teken opp til 2.gangs førehaving. Det vart gjort endeleg vedtak om utmelding.

Det vart vald eit styre som skulle administrera laget, utan å ha plikt til å ta i ferd med tilskipingar av noko slag - utanom eit nytt årsmøte neste år.

17.mai 1984. Sunnhordlendingane stiller under eiga fane i hovedprosesjonen.

1. september 1984. Bygdelagsturnering i fotball.

Det gjekk ikkje betre enn at vi gjekk bort og vann turneringa i år også! Det var berre Sunnfjordlaget som stillte opp mot oss. Og sjølv dei hadde berre redusert lag, så vi gjekk med på å gå ned til 5+3 lag, sjølv om vi som vanleg hadde rikeleg med reservespelarar.

Før kampen var det strålande sol, men i begge omgangane kom det skikkelege rotbløyter. Sunnhordlendingen stillte i år også med dommar, men dommaren i første omgang var antipartisk (dømde ikkje offside på heilt opplagde offsidemål for Sunnfjordlaget). Dette førte til at han vart skifta ut med ein dommar som ikkje dømde anna enn avspark og senter for kvart mål. Det skuldast truleg hetta på regnjakken, som heile tida sperra for utsikten.


Kampen var jamn, men ungdommane i Sunnhordlendingen gjekk friskt på og noterte seg for 5 mål. Edvin la inn 2 og Kjetil kvitterte for 3 fine scoringar. Særleg vil han verta hugsa for siste og avgjerande målet, der han snappa eit utspel frå keeper, runda to sunnfjordingar og la ballen roleg i mål i samme sekund som dommaren bles av kampen. Resultatet vart 5-4 til oss.

Festen på Sunnfjordheimen vart svært koseleg og mest som ein privatfest for arrangements-kommiteen og dei 5 gjestene.

8.september 1984.

DEN STORE UTFORDRINGA.

Hamlagrø-Kvamskogturen er ein tur for friskusar. Etter oppslutninga om turen 8.september å døma, er det 5 friskusar i Sunnhordlendingen. Turen gjekk i stille, overskya, mildt ver. Per Erik var "kuli" for transport av poteter,drikke og biff med firehjulstrekk-bil. Saman med Jenny tok han mot oss ved Ungdomsheimen, og transporterte oss dei siste metrane til mål. Og det var bra.



Årsmelding Skyttarlaget.

Søndag 24.juni var det arrangert Bygdelags-skyting. Per Erik Hansen var på eit orienteringsmøte i Bygdelagsnemndi den 14. mai, og melde på eit lag frå oss. Det vart seier til Sunnhordlendingen med poengsummen 691p. I tre av dei fire individuelle klassane gjekk vi og av med seieren: Oddvar Drange vann klasse 4, J.M. Helland vann klasse 3, Olav Bjørgen vann klasse 1.

20.9. var det styremøte. Det vart vedteke å kjøpa ny pokal i herreklassen i sunnabu-skytinga med følgjande endring i statuttane:

Antal prøveskot vart auka til 6 skot, og pokalen må vinnast 5 gonger før nokon får han til odel og eige. Det vart og vedteke at eventuelle klasseførte kvinnelege skyttarar må stilla i samme klasse som menn der det er klasseinndeling med respitt.

Sunnabuskytinga vart halden den 29.9. på Ulven, og vinnarar vart:
Bente Mikalsen 121 poeng,
Jan Magne Helland 187 poeng.
Marit Tveita hadde også 121 poeng, men færre blinkar.

O. Bjørgen

TILSKIPINGAR I ÅRET SOM GJEKK.

20. januar - lagsmøte i Fensal

10. februar -Årsmøte i Fensal. Frammøte 12-15. (alltfor få som vanleg på årsmøtet)
Forutan val av nytt styre vart viktigaste saka spørsmålet om utmelding or Noregs Ungdomslag.
Det avgåande styret underheldt elles med ei sjeldikta styrevise som vi tek med annan stad i denne årsmeldinga.

10. mars - lagsmøte i Fensal. Erling Virkesdal frå Sjølartsmuseet vitja oss med eit streiftog gjennom H.S.D.-soga i form av kåseri og lysbilete. Ikkje så reint få av oss opplevde ein nostalgisk halvtime i lag med gamle slitarar som gakk "Vøringen", "Hordaland" og ikkje å gløyma, gamle "Sunnhordland".
Synd at berre 15-16 sjeler hadde funne veg til Fensal.

24. mars - Marknad i storsalen Fensal. Altfor lite folk, det var kvelden før skulepåskeferien tok til. Likevel tok vi inn bra med pengar, både på hovudutlodninga og på dei små lynutlodningane som vart arrangert innimellom vaffelsteiking, spikerslåing o.a. ein heil del av den "nye generasjon" sunnhordhordlendingar såg ut til å stortrivast. Særleg var det rift om å få selja lodd. Dei må vera noko å satsa på!!!

14. april - lagsmøte i Fensal. Dette var utan tvil årets høgdepunkt kav gjeld program. Folkedansgruppa AIDE IGRA, med m-a. "vår eigen" Geir Henning, gav til beste ei framifrå og fartsfylt framsyning i internasjonale folkedansar frå Balkan til Sør-Amerika. Oppslutninga? Elendig diverre, 12-14 kjende fjes var alt vi kunne observera.
Bolstad og Helland sykte for at vi sjøl fekk svinga oss litt, men også danseiveren mangla.

5. mai - siste lagsmøte for vårhalvåret vart skipa til i Fensal. Sissel Lilleng som no skulle dra frå oss att og setja kurs nordover att, sto for programmet. Ho synte fine bilete frå den nye heimelandsdelen hennar der oppe i nord. Om det var å rettferdiggjera at ho forlet Sunnhordland skal vera usagt, men bileta var fine så vi kan kan henda forstå....
Frammøte: "Ånn".

4-5 juni-Blåtur - avlyst grunna mangel på oppslutning.

Hausthalvåret:

15. september - lagsmøte i Fensal. Humleguttene skulle ha sytt for programmet, men avlyste i siste liten. Då er det godt å ha ein joker i ermé. Jokeren var Olaguten. På minimum av fortidsvarsel slo han til med ein kjempeflott film om eit gamalt handverk i heimbygda Fjana, - nemleg å koka bark. Synd at så mange gjekk glipp av filmen fordi dei sat heime. 12-14 trufaste var til stades denne kvelden og.

29. september - omframtårsmøte for å velja formann. (underteikna hadde herre lova eit halvt år som ei overgangsordning). Resultat: styret vart bedt om å sitja fram til ordinært årsmøte i februar. Styret vart vidare gjeven fullmakt til å stilla lagsmøteverksemda i bero til så lenge p.g.a. det skammeleg låge frammøtet.

13. desember- var vi høgt oppe, nærare, vi var i toppetasjen i Havforskingsinstituttet sitt bygg. Formål: å hyggja oss med eit lite julemøte, med graut og det heile. Frammøtet var også mindre skralt enn vanleg, og stemninga var fin, noko ikkje minst Atle Kolbeinsvik har æra for med musikken sin. Elles var dette Sigmund sin kveld. Han hadde skaffa oss hus, drog lasset med å ordna det heile til, synte film og sto for omvising på Akvariet, noko ikkje minst ein del av den unge garde som var med tyktest setja pris på.

VÅRFEST

23. april slo vi så til med vårfest i Fensal. Etter ein litt treg start utvikla dette seg til å verta ein livleg og triveleg fest. Visegruppa i U.L. Fram frå Etne sytte for program, og vart godt mottekne sjølv om dei mest danseglede kanskje tykte programmet var i lengste laget. Vel 40 deltakarar hadde meldt seg på, men etter kvart vart vi nok ein 60 stykke ikkje minst takka vere kappleiken i Gimle.

SWINGKURS

Også vi prøvde å ri på swingkølga i håp om såleis å trekkja til oss nye medlemmer. og Jorunn og Kirsti sto for organiseringa. Lars Låte var instruktør. og kurset gjekk over 4 kveldar. den 21.og 28. sept., og 6. og 13 oktober. 7-8 par deltok.

SPORT SPORT SPORT SPORT SPORT SPORT SPORT SPORT SPORT SPORT

Dei tre dårlege sportssesongane våre har vorte avvikla også dette året.

19. mars - Sunnalurennet vart avvikla under stor dramatikk og med fleire deltakarar i minst to klassar. Alle menna som stilte vart ranka av Lars Olav, meda Liv Eldrid (Andersen) sprang frå dei andre jentu'ne.

28. mai Juledagen!!!! endeleg vann me fotballturneringa ved å ranka Sunnfjordlaget 2-1 og eit samla lag frå BUL og Eivingen, med 1-0. Toppscorar var ranksenter Alle som no går inn for ein sesong til.

8.oktober - skyting om Sunnalukruset, med heile 12 deltakarar likeleg fordelt på dame-og herre-klasse. Oddvar vann (ikkje uventa), medan Brit (Bjørgen) bokstaveleg skaut klink i dametevlinga. Her imponerte forresten 11-åringe Marit Tveita mest like mykje, med 89 poeng "første gong ho tok i eit gevær".



HER FØLGJER FJORARETS BLINKSKOT FRA EIT AVGAANDE STYR

STYRE-VISA (mel. Dyrene i Afrika).

Her er ei lita styrevise som de no får læra
om nokre folk i laget her og alt dei har å gjera
Inga, Eldbjörg, Svein Erik her
Anne Britt og Anne der,
Anne ho tok skrekken heilt,
gjekk tidleg ut av styret.

Det var på årsmötet i fjor at me blei valt til styre
Det var 'kje vår skuld må de tru, nei det kan me bedyre.
Med nye krefter, tiltakslyst, pågangsmot gjekk me til dyst,
ikkje visste me vel då kva året ville bringa.

Men eit program me måtte ha
om det som kunne fengja.
Me syntes nok det var 'kje lett når hjernen vår vart "vrenja".
Kanskje ei forandring her ?
Nei, i dette laget her, er vi mykje fanga av dei gamle tradisjon

Den fyrste faste posten vår det måtte nok bli marknad.
Med vaffelsteikjing, eliking, spikring, loddsal, dans og moro.
Kven vart mester'n i å slå, spikaren i fjöla må.
Den som hamra færrast slag vart vinnaren for kvelden.

Ein blåtur vi l mai sku' ha, då sommar'n mot oss lakka.
Til Rosendal i veg det bar med sekk og nistepakka.
Sola steikte kvite kroppar, og i vatnet då vi hoppa.
Men her var det heise kaldt og svien fekk oss stoppa.

Til hausten måtte me igjen ta til med styremöta.
At me var travelt opptekne det skulle me for böta.
Kveldstid var det uråd å,
leggja styremöta på.
Ved middag på kafear vart programmet vårt utforma.

Ein haustfest kom i stand og folk fekk vita dette vidan.
Så livleg som i Gimle var, ja det er lenge sidan.
Teateret frå Bömlo kom -
römmegraut og kaffi som
gav oss trong og lysten til å valsa nattetimar.

Og lagsmötet om eventyr vart halde på ei matta
av nokre dette vart 'kje likt, da kunne me 'kje fatta.
Kjedeleg familiefest
nei hyggjeleg som trong litt blest.
Nye ting oss kan 'kje stoppe
skal laget haldast oppe.


Utviklinga for laget vårt skal bli korleis heritte ?
Interesse må nok trengjast frå oss alle som her sitte.
Lat oss ikkje gå i ring,
pröv ut stadig nye ting.
Sunnhordlendingen bör vera laget med litt fart i !

Eldbjörg





Til notatar:



Årsmelding
Sunnabu.

Hytta har vore lite nytta siste året. Sjølv i påskehelga var det mest tomt der oppe. Den helga sunnaburennet skulle gå, var hytta mest tom. Likare var det ikkje den første helga vi skulle ha dugnad. Men så endeleg i august samlast det ein gild gjeng for å gjera hytta venare. Diverre var veret så fint at alle ville jobba ute. Så no er alt tipp-topp ...ute. Og inne er det stort sett musene som bur, så der kan vi vaska til neste år.

Ein del veker og nokre helger i lavsesongen har hytta vore utleigd. Men det er plass til fleire utleiger, så reklamer til kjentfolk.

Vi har investert i nytt stereoanlegg, ny kaffitraktar og fått fine nye gule koppar av ein annonym givar. Og er det nokon som vil gi ein nesten ny komfyr til oss, så seier vi på førehand takk.


I hyttestyret har desse vore med: Lars Olav Tveita, Atle Tornes, Anne Britt Hestenes, Eldrid Meling Hansen og Magnhild Arholm.

L.O.T.

sentralt i by og bygd


VÅRE KONTOR:

1. FLORØ
2. VADHEIM
3. HØYANGER
4. FJÆRLAND
5. SOGNDAL
6. OSTERØY
7. KNARVIK
8. ARNA
9. ASKØY
10. BERGEN (HK)
11. ULLENSVANG
12. OS
13. SUNNHORDLAND
14. OSLO
15. ØVRE ÅRDAL



BYFILIALAR: Bergen Busstasjon - Eikeviken - Inndalsveien - Landås
Nyborg i Åsane - Paradis - Skjoldtun - Smiberget - Strandgaten

VESTLANDSBANKEN


Det e' på tio å
dulikka ned i problema
for å - - - -

SÅ SPØRS DET DEN 23. ---

